



GANGSTØ TRANSPORT AS
Gangstøvegen 23
5568 VIKEBYGD

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Oppfølgjande kontroll 23. oktober 2018

Etter kontrollen hos Gangstø Transport den 23. oktober 2018 lukker Fylkesmannen avvik 2, som verksemda fekk etter kontroll 27. juni 2018. Avvik 1 blir ikkje lukka. Verksemda får ut 2019 til å fjerne det som står att på leigeområde 2 og leigeområde 1 i sjø. Ei plan for ryddinga skal sendast Fylkesmannen innan 5. januar 2019. Fylkesmannen varslar ei tvangsmulkt på kr 250 000.

BAKGRUNN

Gangstø Transport har løyve frå Fylkesmannen i Rogaland til å ta imot, sortere og mellomlagre plastavfall. Løyvet blei gitt 23. juni 2017. Det var satt ei rekke vilkår for løyvet, sjå tabell under. Siste frist for å oppfylle vilkåra var satt til 1. januar 2018.

I e-post av 21. juni 2017 skriv Gangstø Transport at leigd område ved sjø er rydda innan fristen. Området ved sjø gjeld punkt 8 i tabellen under; dvs leigeområde 1.

	Tiltak	Frist	Viser til vilkår
1	Årsrapport	1.3 (årleg)	8.2
2	Rutine for mottakskontroll	1.8.17	1.7
3	Bås for lager av innkomen plastavfall	1.8.17	1.8
4	Etablera fast dekke	1.8.17	1.8
5	Kompetanseplan	1.8.17	2.6
6	Skjerming av gnr. 332 bnr 75/77	1.8.17	3.6
7	Avfall og lager i sjø er ferdig rydda	1.8.17	1.8/3.3
8	Leigeområde 1 er ferdig rydda	1.10.17	1.8/3.3
9	Leigeområde 2 er ferdig rydda	1.12.17	1.8/3.3
10	Andre nærområde inkl. 332/72 er ferdig rydda	1.1.18	1.8/3.3

Når det gjeld dei andre punkta (7, 9 og 10) hadde Fylkesmannen i juni 2018 framleis ikkje fått informasjon frå Gangstø Transport om at områda var rydda. Fylkesmannen varsla dermed at vi ville

kontrollere verksemda den 27. juni 2018. Tema for kontrollen var vilkåra for løyvet, med spesielt fokus på punkta 7 til 10 om rydding av dei ulike områda rundt anlegget.

I samband med kontrollen 27. juni fekk Gangstø Transport to avvik: 1) Verksemda lagrar avfall på område som ikkje er omfatta av løyvet, og 2) Verksemda overskrid mengdeavgrensinga for samtidig lagra avfall.

For å lukke avvika blei det varsla i kontrollrapporten at Fylkesmannen ville gjennomføre ny kontroll i oktober same år for å verifisera at områda var blitt rydda. Vi ville og sjå om Gangstø Transport hadde kontroll på kor mykje av dei ulike typane avfall som var inne på anlegget.

OPPFØLGJANDE KONTROLL 23. OKTOBER 2018

Avvik 1

Gangstø Transport fekk den 27. juni 2018 avvik for at det blei lagra avfall på gnr 332/bnr 72 og gnr 332/bnr 38. Gangstø Transport leiger to områder på gnr 332/bnr 38 frå Vindafjord kommune, kalla respektive leigeområde 1 og leigeområde 2. Verken bnr 72 eller bnr 38 er omfatta av løyvet, og det er dermed ikkje høve til å lagre avfall der. Det var satt som vilkår i løyvet at områda skulle ryddast.

Då Fylkesmannen synfarte områda den 23. oktober 2018 kunne vi konstatere at leigeområde 1 var rydda, med unntak av ein del oppdrettsringer i sjøen. Det same var gnr 332/bnr 72. Vi blei vidare fortalt at mengda lagra avfall på leigeområde 2 var redusert, men at det framleis låg mykje avfall der. Synfaring av området stadfesta at det framleis ligg store mengder avfall der.

Under kontrollen fortalte verksemda at planen nå er å fjerne alt som ligg på leigeområde 2 og deretter avslutte leigeavtalen med Vindafjord kommune. Det blei opplyst at ei realistisk tidsramme for å gjere dette vil vere ut 2019.

Verksemda fortalte vidare at dei ønskjer å fortsette å bruke leigeområde 1. Per i dag inngår ikkje leigeområde 1 i løyvet. Det betyr at for å kunne bruke dette området, må Gangstø Transport søkje om endring i løyvet. Dersom verksemda skal lagre oppdrettsringer i sjøen utanfor leigeområde 1, må det først føreligge godkjenning frå kommunen for dette før det kan søkjast om å implementere området i løyvet frå Fylkesmannen.

Fylkesmannen seier seg einig i at verksemda vil trenge tid på å få fjerna det som ligg på leigeområde 2. Fylkesmannen ber om at Gangstø Transport set opp ei plan for korleis området skal ryddast, med minimum to mellombels fristar for å nå gitte delmål, til dømes 1. mars og 1. august 2019. Ein måte å dokumentere ryddinga på kan vere å sende før og etter bilete samt opplyse om kor store mengder som har blitt sendt ut frå anlegget etter førre rapportering.

Samstundes vil då absolutt siste frist for å lukke avvik 1 vere 31. desember 2019.

Pålegg om å sende inn opplysningar

Fylkesmannen pålegg verksemda, innan **5. januar 2019**, å sende inn ein plan for korleis alt av avfall og anna på leigeområde 2 skal fjernast. Pålegget om skriftleg tilbakemelding er gitt med heimel i forureiningslova § 49.

Vedtaket kan klagast på innan tre dagar etter at pålegget er mottatt, jf. forvaltningslova § 14. De bør grunngi ein eventuell klage og sende denne til Fylkesmannen.

Varsel om tvangsmulkt

I kontrollrapporten datert 3. august 2018 varsla Fylkesmannen at vi ville fatte vedtak om ei tvangsmulkt på kr 75 000 dersom avvika ikkje var retta innan 4. oktober 2018. Den varsla tvangsmulka vil ikkje bli vedtatt.

For å sikre at avfall på leigeområde 2 og i sjø på leigeområde 1 (gnr 332/bnr 38 – sjå vedlegg) blir fjerna innan fristen 31. desember 2019, varslar Fylkesmannen i Rogaland at vi vil vedta ei tvangsmulkt på kr 250 000, jf. forureiningslova § 73.

For å unngå at tvangsmulka kjem på, må Gangstø Transport sende inn dokumentasjon som viser at alt avfall og anna er fjerna frå leigeområde 2 (punkt 9 i tabellen på side 1) og frå leigeområde 1 i sjø (punkt 7 i tabellen på side 1). Siste frist for innsending av dokumentasjon vil vere 31. desember 2019.

Avvik 2

Det er gitt mengdeavgrensingar i løyvet for alle fraksjonane avfall anlegget tek imot.

På kontrolldagen 27. juni 2018 kunne Gangstø Transport ikkje svare for kor mykje avfall som var inne på anlegget.

Sjølv om det per 23. oktober har blitt sendt vekk store mengder avfall, blir det framleis lagra meir avfall enn det løyvet legg opp til.

Fylkesmannen vel å lukke avvik 2 med bakgrunn i at verksemda først må få fjerna avfall på områda som ikkje er omfatta av løyvet.

VARSEL OM GEBYR

Fylkesmannen varslar at vi vil fatte vedtak om gebyr for kontrollen den 23. oktober 2018. Gebyret skal dekkje kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll hjå verksemdar er fastsett i forureiningsforskrifta § 39-7 og 39-8. Vi varslar derfor at vi i medhald av forvaltningslova § 16, reknar med å fastsette gebyrsats 4 for tilsyn av inntil en dags varigheit. Dette betyr i så fall at de skal betale kr. 10 300,- i gebyr for kontrollen.

De har høve til å kome med merknadar til dette varselet, jf. § 16 i forvaltningslova. Eventuelle merknadar må sendast til Fylkesmannen i Rogaland innan to veker etter at de har fått dette brevet.

Med helsing

Marit Sundsvik Bendixen
ass. fylkesmiljøvernsjef

Kirsten Allred
overingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Kirsten Allred
Saksbehandlar telefon: 51568933
E-post: fmrokal@fylkesmannen.no

Kopi til:
VINDAFJORD KOMMUNE Rådhusplassen 1 5580 ØLEN